

men pass deg!



ufftig bekledning og oppførsel klarer de fleste seg godt i korte perioder med ekstremkulde, sier han.

ervicefolka

Valdres Arbeidssenter AS, som er eit dotterselskap av det offentleg eigde Valdres Kompetansevekst AS. «Valdres» kjenner ingen privat aktør som driv med ved i stor skala i distriktet. Men svært mange har ved som attåttinntekt til gardsdrift.

– Ikkje reint få av dei som leverer ved her i bygda, gjekk tomme allereie før jul. Men eg veit om mange som driv litt med ved, så vi skal nok komme oss gjennom denne vinteren også, fortel Håvard Sukke i Hedalen Hytteservice.

På ein tur over til Nesbyen onsdag målte termometeret i bilen hans 35 kuldegrader på dei kaldaste flatene oppå åsen. Nede i bygda var det 5 til 10 grader mildare.

Nedsnødde solceller

– Det finst hytter med solcellepanel på taket. Dei vart nedsnødde lenge før jul, og då leverer dei ikkje stort med straum. Eg har



LEVERER HYTTEVARME: Butikken som Håvard Sukke i Hedalen Hytteservice etablerte for fem år sidan, har vist seg å ha livets rett. Diesellaggregat er ein populær ting for tida. ARKIVFOTO: Ole Jørgen Liudden

hatt stor pågang av hytteeigarar med tomme batteri. Diesellaggregat og ladarar har gått unna, seier hytteservicemannen Sukke.

– Det begynner også å komme bestillingar på måking av tak. I Hedalsfjella er snødjupna rundt 1,3 meter. Det er inga krise for

eit tak. Men blir det mildvêr og det legg seg mykje, tung snø oppå, bør nok mange vurdere å måke, lyder appellen frå Håvard Sukke.

Egil Heggen

egil@avisa-valdres.no

40632124

Postens røde apostler tåler kulda

Postbud er en yrkesgruppe som er avhengig av en bil som starter. I Valdres er bilparken rimelig ny, og problemene små.

– Vi disponerer 24 biler, og siden ingen av dem er mer enn 3-4 år gamle, klarer vi oss godt i kulda. Bare vi får i gang bilene, er mye gjort for å gjøre jobben i sprengkulda, sier nestleder ved Fagernes Distribusjon, Ove Martinsen til avisa Valdres.

Postens ansatte er, i tillegg til

varm bil, godt utstyrt med klær som skal hjelpe dem gjennom en kald dag.

– Vi har gode uniformsklær, lue og varmedress er et must på dager som vi har nå for tiden. Utfordringen er fingrene. Votter er ikke akkurat noe godt arbeidsantrekk når posten skal fordeles. Men med gode biler er det mulig å få igjen varmen i fingrene mellom hvert postboksstativ, sier Martinsen.

– Ikke slå av varmepumpa

Valdres Energiverk advarer mot å slå av varmepumpa i sprengkulda, men oppfordrer folk til å bruke flere varmekilder.

– Ikke slå av din varmepumpe. Den vil uansett gi deg noe varme samt at viftefunksjonen vil fungere i forhold til distribusjon av varme fra flere kilder rundt i huset. En pumpe har ikke godt av å bli slått av og på ofte, skriver Val-

dres Energiverk på sine nettsider.

En varmepumpe alene vil ikke kunne klare jobben nå når det er så kaldt som nå. Du bør ha en eller flere andre varmekilder.

– Ikke sett din varmepumpe på mer enn maks 20 grader. Jo høyere du setter den jo mer vil den trenge å avrime. Den vil dessuten jobbe veldig hard og motoren slites raskere.

Betre kornklima

Vi hutrar og fyrer og lurar på kvar det blir av den globale oppvarminga. Temperaturane i Volbu indikerer at ho er her.

– På årsbasis har middeltemperaturen gått opp med halvannen grad i løpet av 50 år. Det kan merkast mellom anna på vekstvilkåra, seier avdelingsleiar Håkon Skarstad ved Bioforsk Øst på Løken i Volbu.

Dei siste ti dagane har det vore berre to dagar der visaren på gradstokken ikkje har krabba under 20 kuldegrader. På Fagernes lufthavn var det 32,4 grader onsdag morgon. Røros var torsdag morgon kaldast i Norge med 41,7 minusgrader.

– Dette kan vera innleiinga på fleire år med kalde vintrar, seier klimaforskar Erik Kolstad ved Bjerknessenteret i Bergen til yr.no.

Han minner om at kalde vintrar ikkje er unormalt i Norge. Mykje

kulde må til for at det skal hindre stigninga i årsgjennomsnittet.

– Sommartemperaturen i Volbu har gått opp med 1,1 grad sidan 1960. Det vil seia at vi kan dyrke korn 200 meter høgare enn det vi kunne for 20 år sidan, seier Skarstad.

Også andre jordbruksvekstar nyt godt av det mildare klimaet. Månadene frå mai til september inngår i vekstsesongen i Valdres.

Forskningsstasjonen har ei solid samling med vèrdata frå 1930.

– 10-årsmittelet i den 60 år lange perioden frå 1930 til 1990 heldt seg temmeleg konstant. Det er etter 1990 vi ser den markante endringa, understrekar Skarstad.

Dei siste 20 åra har vintertemperaturen i Valdres gått opp endå meir enn sommartemperaturen. Størst utslag har det vore i januarmålingane. Mens middeltemperaturen for månaden var 9,9 kuldegrader før 1990, har den gått opp til 6,2 kuldegrader dei ti siste åra.

Egil Heggen

egil@avisa-valdres.no

40632124